

Referat frå SU møte 16. september 2025

Til stades: Per Øyvind Mythe (politikar/eigar), Maren Cathrine Holthe Gyllenhammar (foresatt), Eline Guren (foresatt), Hege Janett Myro (barnehage), Birgitte (Gitte) Fjeldstad (barnehage) og Monika Randar (barnehage)

Me starta med å prate litt om oppstarten så langt. Avdelingane har begynt å få på plass rutinar og etablere gruppene. Det er alltid hektisk i tilvenningsperioda og me legg vekt på å ha litt ekstra personale og å vente litt med ein del aktivitetar dei fyrste vekene. På den måten får me inn gode rutinar og skapar trygge born. Me ser også at det er nytt for borna på Høllekølten at dei no er eldst og alt må øvast på. Det er også nye vaksne på alle avdelingane og det kan ta litt tid før borna kjenner seg trygge på dei. Me opplever likevel at dei i personalet som har starta her i haust har komme godt inn i sine avdelingar.

Gitte lagar mat to dagar i veka, der ho lagar varmmaten for to og to avdelingar i tillegg til å baka ein del brød/rundstykker. Dette avlastar avdelingane frå tida borte frå borna. I tillegg har me meir lik matservering på alle avdelingane. Me har gjort store tiltak for å redusere bruk av ultraprossisert mat og lagar det meste frå botten av.

Me opplever at born og føresette her i Tuv barnehage er veldig inkluderande og nye born kjem fort inn i gruppene 😊 Det er generelt god stemning og vaksne som er tilstades med og for borna.

I år vil me jobbe med tema: «E elska Hemsedal». Her jobbar med alle 7 fagområda frå rammeplan gjennom heile året. Me ynskjer å få fram lokale tradisjonar, dialekt, bli kjent med og stolt av Bygda vår. Dette kjem fram i årsplanen vår med mål under kvart fagområde.

Den kortsiktige årsplanen for 2025-2026 vart godkjent, med moglegheit for endring av representantar i FAU og SU.

Eventuelt:

Det er eit ynskje frå føresette å få telefonliste til alle borna slik at ein kan ta kontakt med føresette på fritida. Dette er også inkludering. Monika tek det med seg i vokesinformasjonen, slik at dei som evt. ikkje ynskjer det kan gje ei tilbakemelding til Monika om det. Dersom ikkje alle ynskjer det, sender me ikkje ut lister.

Monika avslutta med å informere om at Hemsedal Kommune er invitert til å delta i eit forskningsbasert lavterskeltilbod som kallast: *Oppvekst med god selvfølelse i sekken!*

Dette skal byggje sjølvkjensla til borna og førebyggje og redusere skolefråvær. Det er eit tilbod til både skule og barnehage. SU ved Tuv barnehage er positive til å delta i dette prosjektet.

Takk for eit godt møte!

Ref. Monika Randar 😊